



Grunnlovsframlegg 23

(2015–2016)

Grunnlovsframlegg frå Ingrid Heggø, Helga Pedersen, Martin Kolberg, Knut Storberget, Pål Farstad, Geir Pollestad, Jette F. Christensen, Abid Q. Raja, Line Henriette Hjemdal og Martin Henriksen

Dokument 12:23 (2015–2016)

Grunnlovsframlegg frå Ingrid Heggø, Helga Pedersen, Martin Kolberg, Knut Storberget, Pål Farstad, Geir Pollestad, Jette F. Christensen, Abid Q. Raja, Line Henriette Hjemdal og Martin Henriksen om ny § 112 a (om at dei marine ressursane høyrer fellesskapet til)

Til Stortinget

Grunngjeving

Havressurslova slår fast at dei marine ressursane – og det tilhøyrande genetiske materialet – høyrer fellesskapet til, jf. §§ 1 og 2:

§ 1. Formål

Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna.

§ 2. Retten til ressursane

Dei viltlevande marine ressursane ligg til fellesskapet i Noreg.

Havressurslova gjeld all hausting og anna utnytting av viltlevande marine ressursar og tilhøyrande genetisk materiale. Borgarane har eit historisk ansvar og plikt til å verne om fellesskapet sine ressursar, ikkje minst på vegner av kommande generasjonar. Dette bygger på prinsipp som finst i norsk lov, sedvane og tradisjon. Denne retten har likevel vorte vatna ut gjennom reguleringar i ulike lover.

Hausting av dei viltlevande marine ressursane skjer ved at fellesskapet gir private ein mellombels

rett til å hauste av fellesskapet sine ressursar. Prinsippet om at dei viltlevande ressursane høyrer fellesskapet i Noreg til, er sett under press ved at det er skapt ein marknad for kjøp og sal av kvoter. Eigdomsretten til dei marine ressursane ligg likevel hjå fellesskapet, og ein må ikkje kome i ein situasjon der fellesskapet mistar kontrollen med desse ressursane. Det at dei marine ressursane høyrer fellesskapet til, er så viktig for Noreg at det må ha vern i Grunnlova.

I Ot.prp. nr. 20 (2007–2008), forarbeida til havressurslova, vert det vist til at eigedomsretten til naturressursane vert løyst på forskjellige måtar i ulik ressurslovgiving, og til dels også ved ulovfesta reglar.

Følgjande går fram av Ot.prp. nr. 20 (2007–2008):

«For enkelte ressursar er det slik at eigedomsrett først vert etablert ved uttak av ressursen, slik som for fisk. Dette gjeld til dømes for vilt, der viltlova av 29. mai 1981 nr. 38 byggjer på at viltet i naturleg og fri tilstand ikkje står under nokon sitt rådvelde eller eige. Viltet er altså korkje staten eller grunneigar sin eigedom, men grunneigar har i dei fleste tilfelle fått einetten til jakt, innanfor offentleg regulering fastsett i eller med heimel i lov.

For enkelte ressursar er det også ulike reglar avhengig av eigenskapar ved ressursen. Dette gjeld for mineralar i berggrunnen, der skiljet mellom mutbare og ikkje-mutbare mineral har lange tradisjonar i lovgjevinga. Dei mutbare minerala (som har eigenvekt på 5 eller høgare) tilhøyrer staten sjølv om grunnen tilhøyrer private. Grunneigar er derimot eigar av dei ikkje-mutbare minerala på og under sin eigedom.

Eigedomsretten til ressursar som kjem inn under kontinentalsockellova av 21. juni 1963 nr 12 er regulert i § 2 første ledd i denne lova, der det heiter at «(r)etten til undersjøiske naturforekomster tilligger staten». Det tyder at mellom anna tang og tare, som tradisjonelt har vore hausta, tilhøyrer staten. Slike

ressursar kan difor berre haustast i den grad staten har gjeve løyve til det, gjennom forskrifter eller særskilt løyve, med etterhald for det som følgjer av privat egedomsrett for strandeigaren. Ved innføringa av ei eiga petroleumslov ved lov 29. november 1996, fekk denne ein paragraf som slår fast at staten har «eiedomsrett til undersjøiske petroleumsforekomster og eksklusiv rett til ressursforvaltning».

Havressurslova har likevel ikkje ein regel om at *staten* eig fisken i havet og dei marine, viltlevande ressursane. Formuleringsa som blei vald, støtta seg i staden på den historiske tradisjonen om at folket og fellesskapet har eigarskapet.

Havressurslova § 2 slår som nemnd fast følgjande prinsipp

«Dei viltlevande marine ressursane ligg til fellesskapet i Noreg.»

Med dette vert lovens klare formål nedfelt i §1:

«Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetting og busetting i kystsamfunna.»

I Ot.prp. nr. 20 (2007–2008) vert valet av eit eigarskap i fellesskap, i staden for at staten eig ressursane, forkart slik:

«Føresegna etablerer ikkje statleg egedomsrett til ressursane i juridisk forstand, men uttrykkjer fellesskapet sin rett til ressursane i motsetnad til ein privateigd ressurs.

Dette fellesskapet vert utgjort både av det samiske folket, det norske folket og alle andre innbyggjarar i Noreg. Fellesskapet sin rett til ressursane er ikkje noko nytt og har lege til grunn som ein grunnleggjande premiss for fiskeripolitikken over lengre tid.»

Om framlegget

Dette framlegget handlar om å grunnlovsfeste prinsippa i havressurslova § 1 og § 2. Prinsippa er ein del av norsk lov, sedvane og kultur.

Ved å ta dette inn i Grunnlova vert det slått fast viktige samfunnsverdiar, og etablert ein særlig juridisk stabilitet og vern mot skiftande politiske interesser. Gjennom ei grunnlovsfesting av fellesskapet sitt eigarskap til dei viltlevande marine ressursane vil forslagsstilarane gjere norsk lov, sedvane og tradisjon til ein del av Grunnlova, slik Stortinget har valt å gjøre med andre heilt sentrale prinsipp.

Dagens lovverk slår fast at det skal bli tatt særleg omsyn til samiske interesser i forvaltninga av marine ressursar, og at alle som bur i dei sjøsamiske områda

har ein lovfesta rett til fiske. For sjøsamane er det viktig å ha tryggleik for at vedkjenninga av deira rett til å fiske ligg fast uavhengig av skiftande regjeringer. Når det vert foreslått å grunnlovsfeste fellesskapet sitt eigarskap til fiskeressursane, er det også for å verne og understreke sjøsamane sin rett til fiske.

Forslagsstilarane vil også gjere merksame på at mykje av grunngjevinga for at Noreg har ei såpass stor økonomisk sone, nettopp bygger på at det har vore hausta av fellesskapet sine ressursar i fleire tuisen år. Ei privatisering av desse ressursane vil følgjeleg svekke argumenta for at dei framleis skal vere under norsk kontroll. Grunnlovsforslaget kjem difor i møte med viktige territoriale interesser.

Kva rettslege grenser vil ei føresegns innebere?

Ei grunnlovsfesting av fellesskapet sitt eigarskap vil innebere at alle lov- og forvaltningsvedtak må ta tilbørleg omsyn til grunnlovsføresegna og ligge innanfor dei rettslege grensene den set. Ei grunnlovsføresegns vil få konsekvensar. For det første vil det avgrense kva Stortinget kan bestemme i lov, og kva regjeringa kan bestemme i forskrift. For det andre vil ein ny grunnlovsføresegns sete grenser for, eller legge føringar på, innhaldet i framtidige forvaltningsvedtak etter havressurslova, deltarlova og andre relevante lover, samt forskrifter knytt til desse.

Formålet med grunnlovsforslaget er å hindre privatisering av fiskeressursane og sikre at dei høyrer fellesskapet til og kjem kystsamfunna til gode. For eksempel vil i utgangspunktet ikkje ei kvoteordning for fiskerettigheter vere grunnlovsstridig, men det må setjast klare grenser for å hindre at ordninga i realiteten privatiserer tilgangen til å hauste av havet sine ressursar.

Framlegg

På denne bakgrunn vert det fremja følgjande

f r a m l e g g :

Alternativ 1:

Ny § 112 a skal lyde:

Dei viltlevande marine ressursane og det tilhørende genetiske materialet er eigd av det nasjonale fellesskapet.

–

De viltlevende marine ressursene og det tilhørende genetiske materialet eies av det nasjonale fellesskapet.

Alternativ 2:

Ny § 111 skal lyde:
[Som alternativ 1]

Alternativ 3:

Ny § 111 a skal lyde:
[Som alternativ 1]

30. september 2016

Ingrid Heggø

Helga Pedersen

Martin Kolberg

Knut Storberget

Pål Farstad

Geir Pollestad

Jette F. Christensen

Abid Q. Raja

Line Henriette Hjemdal

Martin Henriksen

Referert i Stortingets møte 30. september 2016.

«Forslaget blir under presidentens ansvar å bekjentgjøre ved trykken for å komme til avgjørelse på første, annet eller tredje storting etter neste valg.»

Olemic Thommessen
president

